



Steve Reberg

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/677 - 18/4552

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Gbnr 54/7 Ulvatn i Radøy kommune - orientering om klausulering og planstatus

Dykkar e-post av 21.03.18 gjeldande gbnr 54/7.

Eigedomen er klausulert gjennom skjønnsdom frå 1972. Klausuleringa har restriksjonar både på landbruksdrift, innstallering av avlaup og vassklosett, fiske, motorferdsle mm. Skjønnsdommen følgjer vedlagt og bør også vere tilgjengeleg hjå eigedomsmeklar.

Eigedomen har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23. Oppføring av ny bustad, og andre tiltak som til dømes veg, vil bare vere i tråd med arealføremål LNF om det er sjølvstendig drift på garden. Når der samstundes er restriksjonar på drift gjennom klausuleringa får eigedoma ei vanskeleg status. Om det ikkje skal vere drift på garden vil eit kvart tiltak, inkludert søknadspliktig rehabilitering, krevje dispensasjon både frå arealføremål og frå omsynsone for drikkevatn. Utfallet av ei dispensasjonssak er ikkje mogleg å gje signal om, men generelt skal terskelen for å dispensere vere høg.

Det vert ikkje gjeve utsleppsløyve i nedslagsfeltet for drikkevatn, jf. Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg i Radøy kommune § 9. Forskrifta er tilgjengeleg på www.radoy.kommune.no.

Det er ikkje køyreveg for bil fram til eigedomen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

20180320154211 (L)(164968)

20180320141357 (L)(164897)

Mottakarar:

Steve Reberg